

# KLYNGJESAMARBEID GJEV KOMPETANSELYFT

**Eit høgkompetent offshoremiljø på Sørlandet har gått  
frå å vere ein godt gjøymd løyndom til å bli ein sentral  
aktør, både nasjonalt og internasjonalt – mykje takk vere  
klyngjesamarbeidet NCE NODE.**

– Det er betre kjent i Houston enn her heime at Sørlandet har eit verdsleiane olje- og gassmiljø. Hjartesukket kom frå dåverande Aker-sjef Roald Amundsen i 2004. Saman med Kjell O. Johannessen, noverande leiar for NCE NODE, begynte han å sjå nærrare på mekanismane som gjorde sitt til at dette var ein uynskt løyndom.

## Underkommunisert

– Vi var eit umåteleg underkommunisert kompetansemiljø. Universitetet visste ikkje om oss, vi visste ikkje om dei, «alle» trudde at Stavanger var aleine om offshorekompetanse. Då Innovasjon Noreg kom på banen med informasjon om Arena-midlar, ante vi ikkje kva ei klyngje var. Vi visste ingenting om verkemiddelapparatet. Men etter at NODE blei etablert, har utviklinga verkeleg skote fart, seier Johannessen.

*NCE NODE består i dag av 58 bedrifter og 9 000 tilsette.*



## Skotpremie?

Klyngja blei formelt etablert 1. januar 2006. Då var det 29 klyngjebedrifter. Dei hadde til saman 1 800 tilsette, ei samla omsetning på 5 milliardar kroner og ein samla ordrerreserve på 2,5 milliardar kroner. I dag er det dobbelt så mange bedrifter, 9 000 tilsette, 45 milliardar kroner i omsetning og ordrerreservar på 90 milliardar kroner.

– Det var – i overført tyding – meir skotpremie enn samarbeid som prega forholdet mellom bedriftene. Utan intens konkurranse ville produkta ikkje vore så bra, men det er likevel mogleg å samarbeide om slikt som gagnar alle, til dømes rammevilkår, rekruttering og kunnskapsbygging. Eg er overtydd om at Sørlandet hevdar seg betre i kampen om arbeidskrafta takk vere NODE. Klyngja har òg utan tvil medverka til utvikling av Universitetet i Agder, seier Kjell O. Johannessen.

### FAKTA

- Forkortinga NCE NODE står for Norwegian Center of Expertise, Norwegian Offshore Drilling Engineering.
- NCE NODE omfattar 58 bedrifter på Sørlandet, som kvar for seg er spiss-kompetente leverandørar innanfor sine nisjar.
- Mottoet til NCE NODE: Offshorenæringa på Sørlandet skal framleis vere verdsleiande, uansett konkurransen.



Kranene på dette offshorefartøyet er levert av Cargotec i Kristiansand, medlem i NCE NODE. Kranene kan halde gjenstandar i ro på store havdjup, sjølv om båten blir utsatt for høge bølger.  
Foto: NCE NODE

## Trygg plattform

Ei klyngje er noko heilt anna enn ei bransjeforeining.

– Vi har ikkje medlemsmøte. Arbeidet vårt er organisert i nettverk og prosjekt. Vi har brukt mykje tid på å skape ei trygg plattform for samarbeid. I utgangspunktet var det mange som tvilte på at bedriftene skulle klare å samarbeide i det heile. Men det viser seg at bedriftsleiarane har kjent på einsemda og sakna samarbeid.

Vi opererer med heilt klare speleregler. Vi kan til dømes snakke om marknader, men aldri om kundar. Vi kan snakke om kva teknologi som er tilgjengeleg ute i verda, men aldri om strategiane til einskildbedriftene. Slik må det vere dersom ei bedriftsklyngje skal kunne overleve, meiner Johannessen.

## Tre år frå no

– Kvar står NCE NODE om tre år?

– Vi har gjort ein framtidsstudie, «NODE 2020 – næringsklyngje i verdklasse». Eg tør påstå at vi er komne lenger enn dei fleste norske bedriftsklyngjer. Vår ambisjon er å samarbeide med dei beste universiteta og dei sterkeste innovasjonsmiljøa i verda for å styrke kompetansen i klyngja. Vi skal framleis vere ei verdsleiande klyngje innanfor energi og teknologi, og Sørlandet har blitt ein verdsleiande region innan fagfeltet mekatronikk, seier Johannessen optimistisk.

Tekst: Hanne Løkås Veigård